



Bjørn Sturle Hillestad hadde ein engasjerande presentasjon av "Festidalen". (Foto: Ola Matti Mathisen).

Næringslivet i Kvinnherad blømer som aldri før og treng fleire folk. Dette var hovudbodskapen under "Kom heim"-arrangementet i Kulturhuset på Husnes torsdagskvelden, slik mellom andre ordførar Bjarne Berge målbar det.



Trygve Leite frå Uskedalen sto fram på "speakers corner" og søkte etter sponsorar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Difor var det eit paradoks at det kom berre litt over 50 medan det var dobbelt så mange til stades i fjor. Noko naturleg forklåring på den sviktande oppslutnaden er det vanskeleg å finna. Kanskje var 'doseringa' for stor? (arrangementet var metta av innslag og vara i fire timar). Kanskje var det for teknologisk orientert?

Kanskje var ikkje marknadsføringa målretta nok?

Meininga med 'Kom heim' er å skapa ein fruktbar møteplass for utflytta, nyinnflytta og fastbuande kvinnheringar slik at enda fleire kan komma heim. Kvelden var spekka av faglege og kulturelle innspel ispedd sosialt samvær. Her var det noko å henta for alle.

- Det er rart kor raskt det snur. For to-tre år sidan heitte det at vi måtte omstilla oss frå industri til alt mogeleg anna, men no er situasjonen snudd på hovudet. Vi klarar ikkje å skaffa folk nok til industrien, sa ordføraren, som uttala at 'det er godt å bu i Kvinnherad og betre skal det bli'.

Rådmann Trond Sætereng var ikkje snauare. Han uttala at dei 1.340 ansatte i kommunen er dyktige og at dei produserar gode og effektive tenester.

Det vart brukt mange store ord, men alt er sjølv sagt ikkje perfekt. Svein Peder Berge, som nyleg har etablert sin eigen arbeidsplass i Kvinnherad, sakna mellom anna ein fagleg møteplass for utveksling av erfaring og kompetanse. Knut Førland i Kvinnherad Næringssservice erkjente at dei må bli flinkare til å ta i mot dei som kjem flyttande til Kvinnherad og viste til at Odda har ein god

modell i så måte.

Men også han slo fast at det er gode tider for næringslivet og at fleire har flytta til kommunen dette året, både nordmenn og utlendingar. Dei ledige jobbane er å finna innanfor eit imponerende spekter av fagområde - frå overlegar, psykologar og sjukepleiarar til ingeniørar, økonomar, sveisarar, reisemontørar, elektrikarar, røyrleggjarar og platearbeidarar.

Ei rekkje bedrifter og organisasjonar vart eksponert denne kvelden – frå talarstolen og ved eigne stands. Men korkje Kvinnherad største produksjonsbedrift Sørø eller Uskedalens største produksjonsbedrift Eidsvik var på banen og fleire undra seg over grunnen til det.

Uskedalingane gjorde seg likevel sterkt gjeldande og då på kulturens vide område:

*Kultursjef Kristian Bringedal leia arrangementet på rutinert vis.

*Gjermund Fredheim spela klassisk gitar og synte at han er mastergraden verdig.

*Bjørn Sturle Hillestad og Leif Ove Mikkelsen fortalde historia om suksessfestivalen Festivalen som 1.000 vitja i år og som fekk eit overskott på 15.000 kroner. Dei to hadde ein sterk appell til nye interesserte om å stilla opp og gjera ein dugnadsjobb for den unike festivalen. Han lova mye moro og mange nye vener.

*Trygve Leite , ein av Norges beste sandvolleyballspelarar, sto fram på hermetikkassa som var den lokale 'speakers corner' og 'søkte' etter sponsorar.

*Beate Hannisdal (ansatt hos Hjørnevåg) var ansvarleg for ei innhaldsrik servering prega av lokale og spanande produkt.

Av Ola Matti Mathisen



Gjermund Fredheim frå Uskedalen spela klassisk gitar under "Kom heim" (Foto: Ola Matti Mathisen)